

Handlings- og tiltaksplan 2019.

Innleiing.

Handlingsplanen 2019 med framlegg til tiltak og aktivitetar byggjer på Parkplanen sine overordna satsingar som pt. er:

- SKAPE NÆRING OG KULTUR.
- TA VARE PÅ NATURARV OG MILJØ.
- TA VARE PÅ KULTURARV.

Parkplanen ligg tilgjengeleg på fylgjande nettstad: <https://www.naroyfjorden.no/styringsdokument/>

Fylgjande føresetnader og rammevilkår er bestemmande i høve til val av tiltak og gjennomføring av desse:

- Oppfølging av Verdsarvkonvensjonen lokalt gjennom funksjonen som verdsarvkoordinator.
- Semje i Verdsarvrådet.
- Initiativ og innspel frå partnarar, stiftarar/ parkkommunane og tilsette i parkorganisasjonen.
- Tilsegn om midlar til gjennomføring/ tilgjengeleg prosjektøkonomi.

Handlingsplanen er resultatet av ein prosess som involverer :

- Parkpartnarane.
- Stiftarane.
- Tilsette i parkorganisasjonen.
- Parkstyret.

Handlingsplanen er handsama av Parken sitt arbeidsutval den 14. desember 2018 (A-sak 04/18) og godkjent av Parkstyret i møte den 4. januar 2019. (Sak 06/19).

Kap.	Innsatsområde/ tiltak				
	Sum styre og organisasjon	3 705 000	3 705 000		
1.9.	Parkmøte: Planlegge og gjennomføre Parkmøte/ allmøte i slutten av mars/ byrjinga av april 2019. (veke13 eller 14.)	15 000	15 000	Partnarane, stiftarane m.fl.	Styret og arbeidsutvalet
1.10.	Møteplassar: 1. Planlegge og gjennomføre samlingar og tematiske møter for og med partnarane - lokalt og regionale. 2. Vidareføre besøksrunde hjå partnarane. 3. Gjennomføre faste kontordagar i parkkommunane Vik, Voss og Lærdal.	20 000	20 000	Partnarane, stiftarane m.fl.	Arbeidsutvalet/ dagleg leiar
	Sum Møteplassar	35 000	35 000		

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2019	NVP	Partnerar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
VERTSKAP OG FORMIDLING:						
2.1	Vertskapskurs: I samarbeid med Visit Sognefjord/ Geirangerfjorden Verdsary vidareutvikle e-opplæringskurs for 1.linje personell/ guidar i reiselivsverksemder og andre verksemder i Verdsarvparken. Fokus på basiskunnskap om <u>verdsarven/området</u> og kva regionen kan tilby av opplevingar og aktivitetar. Satsinga inneber og utvikling av eit nytt guidekonsept retta mot cruisemarknaden.	40 000	30 000	Geirangerfjorden Verdsary Visit Sognefjord AS Partnerane Parkkommunane mv.	Juni	Parkorg.
2.2.	Infobrosjyre Nærøyfjorden: Revisjon/ oppdatering av fjordkartet; infobrosjyra for reisande på fjorden (<i>kajakk, robåt mv.</i>) med oppl. om ma. landingsplassar, toalett, <u>skikk og bruk</u> samt andre tilbod i grendene ved fjorden. Fokus på «Leave-No-Trace» prinsippa.	30 000	25 000	Parkpartnerane Verneområdeforv.	Desember	Parkorg.
2.5.	UNESCO Verdsarvsenter/ lokale verdsarvhus: Prosjektet har som mål å skape aktivitet i og kring tidlegare skulehus/ grendehus samt involvere grendene i formidlingsarbeidet. Verdsarvhusa skal vere UNESCO Verdsarvsenteret sine "filialar." Bygda Underdal var pilot for denne satsinga i 2015. 1. Vidareutvikle/ styrke eksisterande formidlingsutstilling i Undredal verdsarvhus. I samarbeid med Underdal Bygdeutvikling AS avklare bruk av lokalitet. 2. Utvikle/ tilby eit tilpassa formidlingskonsept om verdsarvområdet og bygda til Jordalen verdsarvhus. 3. Utvikle/ tilby eit tilpassa formidlingskonsept om verdsarven og bygda til Bakka verdsarvhus. 4. Gjennomføre forstudie/analyse knytt til etablering av eit UNESCO Verdsarvsenter for Nærøyfjordområdet. Eit objektivt innspel/ tilråding til lokalisering av eit felles verdsarvsenter.	200 000	200 000	Underdal bygdeutvikling AS Undredal grendalag Bakka grendalag Jordalen grendalag Verneområdeforv. Parkkommunane Sogn og Fjordane fylkesk.	Desember	Parkorg. Bakka grendalag Jordalen grendalag Undredal grendalag
		350 000	350 000			
2.6.	Formidling og informasjon: 1. Vidareutvikling og drift av nettsida www.naroyfjorden.no . Oppdatering av innhald og omsetjing til engelsk. Revisjon av parkprofil; ref. ny merkevereordning for verdsarvområdet. 2. Utvikling og produksjon av plakatar/ profileringsmateriell 3. Auka satsing på å nytte lokal og regional media til informasjon/ formidling/ omtale av prosjekt og tiltak. Synleggjere Parken, Parksamarbeidet og Prosjekta . 4. Koordinering, kunngjering og profilering av partnerane sine aktivitetar/ arrangement gjennom utvikling/ produksjon av plakatar og annonser for media og nett. 5. Gjennomføring av informasjonstiltak i lag med verneområdeforvaltning/ innføring av ny merkevereordning .	200 000	200 000	Lokale blad og regionale aviser mv. Partnerane Verneområdeforv.	Desember	Parkorganisasjonen

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2019	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
2.7.	Formidlingsplan Nærøyfjordområdet: Gjennomføre revisjon/ oppdatering av formidlingsplanen for Verdsarvparken/ Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden.	150 000	100 000	Partnarane Parkkommunane Visit Sognefjord Verneområdeforv.	Desember	Parkorg.
MAT, HANDVERKS- OG OPPLEVINGSPRODUKSJON:						
2.10.	Miljøvenleg transport i Verdsarvparken: I samarbeid med reisemålselskapa, parkpartnarar og andre samarbeidspartar ta <u>initiativ til/ vere pådrivar</u> for gjennomføring av forprosjekt med mål om å: 1. Etablere eit Shuttelbusstilbod («Hiking - buss») som knyter saman grendene, opplevingar/ aktivitetar og tenester og medverkar til spreing av gjester og verdiskaping. 2. Etablere eit EL-shuttelbusstilbod til Stegastein. 3. Vere pådrivar for etablering av Shuttlebåttilbod på Nærøyfjorden. 4. Vere pådrivar for etablering av ladepkt. for buss i Gudvangen.	50 000	30 000	Visit Sognefjord/ Visit Voss Flåm AS/ARU Partnarar	Desember	Parkorg.
Arrangement						
2.12.	Verdiskaping i verdsarvområdet: Planlegge og gjennomføre eit større seminar med tittel «Innovasjon og bærekraftig utvikling». Må ha nasjonal tyngde og interesse. Setje fokus på kva som er mogeleg å få til i eit verdsarvområde.	400 000	200 000	Kommunane Næringshagar	September	Parkorg.
2.13.	Geologi- og verdsarvdagar: Planlegge og gjennomføre temadagar tufta på verdsarvverdiane for barne- og ungdomsskulane/ barnehagane: - Fresvik og Valsvik skule og b.h., Flåm skule/ Vangen b.h/ Hauge og Sundve skule og b.h./ABU og Lærdalsøyri skule.	40 000	25 000	Barnas turlag/ turlaga, skilane barnehagane, geologar, bygdevertar og andre parkpartnarar.	November	Parkorg.
2.14.	Guida turar i Verdsarvparken: I lag med dei lokale turlaga/ grendalaga planlegge og gjennomføre 1 guida tur i kvar av Parkkommunane: 1. Voss: Jordalen - Jordalsnuten. Markering av « <i>Geologiens Dag</i> » i Jordalen verdsarvhus. 2. Aurland: Fresvikjordalen - Dyrdal. 3. Lærdal: Ikkje fastsett enno/ i prosess. 4. Vik: Høgdegardane på Lee/ klebersteinsbrota i Framfjorden.	30 000	20 000	Lokale turlag, grendalag og andre parkpartnarar.	Oktober	Parkorg.

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2019	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
2.15.	Verdsarvturen, Bakka: Innsats og hjelp til organisering og gjennomføring av arrangement.	15 000	5 000	Bakka grendalag SNO	August	Bakka grendalag
2.16.	Kongevegmarstjen, Stalheim: Organisering, marknadsføring og gjennomføring 2. juni i samband med avduking av nye infotavler.	30 000	17 000	Stalheim Landskapspark	September	Stalheim Landskapspark
2.17.	Stalheimskleiva Opp, Stalheim: Organisering, marknadsføring/profilering og gjennomføring av arrangementet 25. mai.	80 000	20 000	Stalheim Landskapspark	Mai	Stalheim Landskapspark
2.18.	Motbakkeløp Rimstigen Opp, Bakka: Innsats til utvikling, organisering, koordinering, marknadsføring og gjennomføring.	85 000	20 000	Aurland Idrettslag Bakka grendalag	Juli	Aurland Idrettslag
2.19.	Nynorske litteraturdagar: Planlegge, organisere, marknadsføre og gjennomføre arrangementet oktober 2019. (Festivalstyret fastsett innhald/ program og praktisk gjennomføring.)	1 100 000	400 000	Festivalstyret Lag og organisasjonar Frivillige	November	Prosjektlear NL
2.20.	Dei norske Kulturminnedagane 2019: Detaljar ikkje fastsett/ planlegging i prosess.	20 000	10 000	Skulane, barnehagane, lag og organisasjonar	September	Parkorg.
2.21.	Stølshelg i Undredal 2019: Detaljar ikkje fastsett/ planlegging i prosess.	15 000	8 000	Skulane, barnehagane, lag og organisasjonar.	Oktober	Parkorg.
2.22.	«Opa helg på Styvi»: I samarbeid med grunneigar og verneområdeforvaltar planlegge/ gjennomføre ei aktiv helg på Styvi i 15.-16. juni 2019 som inkl. formidling og guida tur på Kongevegen.	50 000	30 000	Grunneigar, verneområdeforv, parkpartnarar, Visit Sognefjord	Oktober	Parkorg.
Anna						
2.23.	”Styvi Gardsmuseum”: Garden Styvi ved Nærøyfjorden er eit kulturminne av stor kulturhistorisk og opplevingsmessig verdi. Den utgjer ein av dei viktigaste attraksjonane langs Nærøyfjorden og er veldig mykje besøkt av turgåarar, skuleelevar, turistar frå inn- og utland. Det er gjennomført eit forprosjekt med mål om tilrettelegging for auka publikumsbesøk og formidlingsverdi til museet. I 2019 vil m.a bearbeiding/ redigering av lyd- og filmopptak/ gjennomgang av gjenstandar vere ei sentral oppgåve. Vidareføring frå 2018.	250 000	120 000	Styvi Gard Musea i regionen	Juni	Parkorg.
SUM SKAPE NÆRING OG KULTUR		3 135 000	1 815 000			

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2019	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
3	TA VARE PÅ NATURAV OG MILJØ					
3.1.	Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap: Pådrivar/medverke til å: 1. Styrke økonomien i eksisterande tiltaksplan/ støtteordningar. 2. Gjennomføre eit forprosjekt med mål om å etablere ein norsk pilot tufta på element i det sveitsiske fjellandbruket.	30 000	20 000	Geirangefjorden Verdsarv Verdsarvrådet Kommunane FM-landbruksavdelinga Fylkeskommunane Fleire departement	Desember	Dagleg leiar
3.2.						
3.3.	Besøksforvaltning, Vestnorsk fjordlandskap: 1. Implementere strategiar/ prinsipp i forvaltninga -jfr. sluttrapporten frå FoU-prosjektet. 2. Vidareutvikling av kart/ kartfesta opplysingar i Fylkesatlas. (www.fylkesatlas.no) 3. Registrering av ferdslø/ bygge kunnskap for god forvaltning/ styring av aktivitet. (ferdselsteljarar) 2. Pådrivar/ delta i Visit Sognefjord sitt Masterplanarbeid/ prosessen mot Berekraftig reisemål. 3. Pådrivar/ delta i forprosjektet knytt til utvikling og etableringa ein modell for fellesgodefinansiering i Vestnorsk fjordlandskap/ Visit Sognefjord.	120 000 500 000	120 000 100 000	Verdsarvrådet Visit Sognefjord/ Visit Voss Verneområdeforv. Kommunane Parkpartnarane mv.	Desember	Dagleg leiar/ Parkorg.
3.4.	Prosjekt "Levande Fjordlandskap": 1. Gjennomføring av årleg dialogkonferanse mellom alle aktørane på fjorden og forvaltninga om forpliktande felles ambisjonar og tiltak for utsleppsfri fjordturisme. 2. Følgje opp Sjøfartsdir. sitt oppdrag knytt til redusert utslepp i Verdsarvfjordane. 3. Fjord Cruise i rute og charter. Pådrivarrolle for eliminering av ueigna båtmateriell som lagar bylgjer og erosjonsproblem eller ureinar til luft og fjord. 4. Pådrivar for eliminering av utslepp til luft og sjø. 5. Pådrivar for overvaking og kartlegging av stoda. 6. Planlegge, organisere og gjennomføre ein ryddedugnad i Verdsarvparken tidlig vår 2019. Mobilisere parkpartnarar og andre aktørar til felles innsats.	75 000 50 000	50 000 30 000	Verdsarvrådet Visit Sognefjord The Fjords Parkpartnarane Forvaltninga Verneområdeforvaltning Kommunane	Desember	Dagleg leiar/ parkorg.

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2019	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
3.5.	<p>"Twinning"- samarbeid med NPS Glacier Bay, Alaska: Vidareføring av samarbeidet mellom Vestnorsk fjordlandskap v/ Verdsarvrådet og Glacier Bay v/ NPS.:</p> <p>1. Signering av samarbeidsavtale ultimo mai. 2. Gjennomføring av felles «workshop» knytt til formidling/ guiding februar/ mars. (Stiftingane + NPS Glacier Bay)</p>	50 000	50 000	Verdsarvrådet Geirangerfjorden Verdsarv Verdsarvparken NPS Glacier Bay	August	Verdsarvkoordinator
Skjøtsel og tilrettelegging						
3.6.	<p>Tursti Brekkefossen, Flåm: Støtte / pådrivar til gjennomføring/ slutføring av tilretteleggingsprosjekt ved Brekkefossen del II - ein svært mykje nytta tursti. Betre og sikrere tilkomst. Oppsett av infoskilt. Prosjekt vidareført frå 2018.</p>	1 400 000	350 000	Aurland kommune Verneområdestyre/SNO Grunneigarar Reiselivsverksemdar	Oktober	Aurland kommune/ SNO
3.7.	<p>«Amfi Flatedalen»: Slutføring av prosjektet «<i>Naturmøteplassen</i>» aktivitetsområde, allment tilgjengeleg for skular, gjester i området, ved Leina i Flåmsdalen. Prosjekt vidareført frå 2018.</p>	100 000	80 000	Rotfesta v/ Gry Mørk 4H Sogn og Fjordane	Oktober	Parkorganisasjonen
3.8.	<p>«Vandring og verdiskaping»: Vidareføring av det 3-årige prosjektet med mål om å kvalitetssikre eksisterande infrastruktur samt få etablert/ synleggjort eit større potensiale for vandring og andre aktivitetar gjennom styrka samarbeid og samhandling mellom dei ulike aktørane om kva turvegar/ vandringsruter som skal prioriterast for tiltak. Samstundes registrere og fylgje opp meldingar om skade/ trong for naudsynt skjøtsel, tilsyn og informasjon. Redusere faren for at gjester tek seg til rette. Satsinga inkluderer og framhald av delprosjektet «<i>Vandring og integrering</i>». <i>Sjå elles eigen tiltaksplan.</i></p>	300 000	300 000	Grunneigarar, lag og organisasjonar, destinasjonsselskap Reiselivsverksemdar. NAV Aurland og Lærdal	Desember	Parkorganisasjonen
3.9.	<p>Informasjonstavler: Vidareføre utvikling/ produksjon og oppsett av verdsarvtavler/ lokale infotavler i og kring Verdsarvområdet i samsvar med ny merkevareordning.</p>	150 000	150 000	Grendene/grunneigar/ Verneområdestyret + SNO.	Oktober	Parkorganisasjonen

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2019	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
3.10.	"Nye Aurlandsdalen" : Vidareføring av den 3-årige satsinga - som i samarbeid grunneigarar, lag og organisasjonar (VS), styringsgruppe for Aurlandsdalen skal: -Fremje, planlegge/ organisere og sikre gjennomføring av tiltak og aktivitetar knytt ma. istandsetjing/ vedlikehald, rydding, merking av stiar i Aurlandsdalen . Vere pådrivar og støtte for auka bruk og verdiskaping knytt til vandring. - Ta hand om/ koordinere akutte tiltak i dalen knytt til ras/ steinsprang . Ivareta sekretær oppgåver for styringsgruppe Aurlandsdalen. Eigen tiltaksplan.	1 300 000	800 000	Styringsgruppe Arbeidsgruppe Reiselivsverksemdar Visit Sognefjord	Desember	Parkorg.
3.11.	Rydding, merking, skilting av turstiar/ vegar: - Vidareføre arbeid med ettersyn og kartlegging stiar med gps. Utskifting av retningsskilt/pilskilt. Kartlegge trong for fast skjøtsel. - Oppfylging naudsynte sikringstiltak - Undredal/Stokko og Undredal/Hovdungo. - Generell merking og opprusting av pilskilt - Ettersyn på alle verdsarv- og kulturtavler - Utvikling og oppsett nye tavler, kulturtavler - Fokus på eksisterande kløvjevogar og ferdselsårer. Sjå elles eigen tiltaksplan under pkt. 3.8.	50 000	50 000	Partnarar/grendalag/ Turlaga/ SNO Verneområdestyret	November	Parkorg.
3.12.	Kongeveggen Haugsvik – Stalheim: Opprusting av den mykje brukte kongeveggen som turveg, til og å nyttast som sykkelveg. Slutføring av prosjektet + oppsett av 6 stk. infotavler. <i>Vidareføring frå 2018.</i>	100 000	15 000	Stalheim Landskapspark	Desember	Stalheim Landskapspark
3.13.	Tilrettelegging av sti til Sivlefossen: Etablere sti og utsiktspunkt i Stalheimskleiva inn mot fosserommet under Sivlefossen. Del I ferdigstilt sommar 2018. Del II - nedre del - vert gjennomført vår/ sommar 2019.	300 000	100 000	Voss kommune Grunneigarar	Oktober	Voss kommune
3.14.	Miljøpatruljen i Verdsarvparken: Forprosjekt med mål om å etablere ei 3-5 årig satsing på ein felles miljøpatrulje/ rangerteneste som skal yte vennligsinna vertskap i felt i tillegg til å ha tilsyn/ oppfylgging med grunnleggande infrastruktur som off. toalett og søppelhandtering m.v. Innsatsområda vil vere Aurlandsdalen, Flåmsdalen og Aurlands- og Nærøyfjorden.	50 000	50 000	Parkpartnarane, kommunane, reiselivsverksemdar, Destinasjonsselskapa	Oktober	Prosjektmedarbeidar /Dagleg leiar
	SUM TA VARE PÅ NATURARV OG MILJØ	4 575 000	2 265 000			

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2019	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
4	TA VARE PÅ KULTURARVEN					
4.1.	Samarbeid med barnehagane og skulane: Verdsarvparken har som målsetjing at verdsarven Vestnorsk fjordlandskap skal bli ein naturleg del av skulekvardagen i Nærøyfjordområdet. I samarbeid med skulane i og inntil Verdsarvparken vert det gjennomført pedagogisk opplegg som set fokus på verda sin arv/ vår arv, geologi, vertskap, handverkstradisjonar, entreprenørskap/ næringsutvikling og sporlaus ferdsle. Auke innsatsen mot barnehagane og dei andre skulane i parkregionen. Styrke leirskuletilbodet i Dyrdal.	100 000	50 000	Skulane i Verdsarvparken SNO/ Verneområdestyret Kommunane	September	Parkorg.
4.2.	Kystled Nærøyfjorden: Gjennomføre ei evaluering av Kystled-aktiviteten. Kartlegge gamle trebåtar i Aurland og avklare interessa for reparasjon/ vedlikehald og bruk. Grunnlag for framtidig kurs/ seminar.	30 000	15 000	Kystleden, båtvertar og båteigarar. Visit Sognefjord	September	Parkorg.
4.3.	Husmannsplassar i Haugsvik: Prosjektet skal registrere/ samle inn info om gamle husmannsplassar i Haugsvik/Stalheim i samarbeid med Vossestrand Sogelag. Arkivering, gps-merking, digitalisering evt. bok. Vidareføring frå 2018. Vert sluttført i 2020.	155 000	25 000	Stalheim Landskapsark	Mai	Stalheim Landskapsark
4.4.	Kurs og seminar i innan byggeskikk, bygningsvern og tradisjonshandverk : Planlegge og gjennomføre ein serie på 3-4 kurs som eit aktivt oppfylging av restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden.	50 000	35 000	Parkpartnarane, Kulturavdelinga hjå kommunen og fylkeskommunen	Desember	Parkorg.
4.5.	Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden: I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavd., gjennomføre oppdatering/ revisjon av restaureringsplanen for Nærøyfjordområdet.	150 000	30 000	Grunneigarar/ partnarar, parkkommunane, verneområdeforv.	Desember	Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavd.
4.6.	Tilstands- og restaureringsplan Styvi: I samarbeid med grunneigar får utarbeid ein restaureringsplan for bygningane i tunet.	150 000	90 000	Grunneigar Fylkeskommunen v/ kulturavd.	Desember	Parkorg.
	SUM TA VARE PÅ KULTURARV	635 000	245 000			
	SUM BRUTTOBUDSJETT 2019	12 085 000	8 065 000			

Merknad: Gjennomføring føreset løyving av økonomi i samsvar med finansieringsplanen.

Aurland, pr. 4. januar 2019.

Erling Oppheim
Dagleg leiar